



# **Strategisk landbruksplan** for kommunane Fjell, Sund og Øygarden



**2004 - 2008**

# FORORD

Strategisk landbruksplan for Fjell, Sund og Øygarden er ein samla plan for landbruket i regionen.

Planarbeidet vart starta sommaren 2003 og det vart teke eit initiativ overfor faglaga i regionen. Det vart sett ned ei styringsgruppe med representantar frå faglaga, kommunane og ein representant frå fylkesmannen. Espen Elstad har vore prosjektleiar og Gerhard Inge Storebø har vore prosjektansvarleg.

Hovudmålet med landbruksplanen er å utarbeide ein plan som svarar til næringa og kommunane sine ynskjer for utviklinga av landbruket. Det har i tillegg vore eit mål å tilpasse planen mest mogleg til strategiar og tiltak som staten og fylkesmannen i Hordaland har lagt fram.

Norsk landbruk skal medverke til trygg matproduksjon, matforsyning, berekraftig ressursforvaltning, levande kulturlandskap og verdiskaping som kan vere med på å oppretthalde sysselsettinga på bygdene. Landbruket har dessutan og eit medansvar for å sikre det biologiske mangfaldet for komande generasjonar.

Vi håpar at dei skisserte tiltaka kan medverke til å nå dei måla vi saman har sett opp for landbruket i regionen vår. Takk til arbeidsgruppa og alle dei involverte for den tida dei har brukt på arbeidet.

Fjell kommune  
Vedtatt 17.02.2005

Øygarden kommune  
Vedtatt 09.03.2005

Sund kommune  
Vedtatt 21.06.2005

Jan Utkilen  
Ordførar

Olav Martin Vik  
Ordførar

Albrigt Sangolt  
Ordførar

<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>4</b>
<b>Kvifor landbruksplan?</b> .....	<b>4</b>
<b>Organisering:</b> .....	<b>5</b>
<b>TILTAKSPLAN:</b> .....	<b>5</b>
<b>2.0 TILLEGGSNÆRINGAR:</b> .....	<b>6</b>
<b>"Inn på tunet"</b> .....	<b>6</b>
<b>"Grønt samarbeid"</b> .....	<b>6</b>
<b>Gardsmat</b> .....	<b>7</b>
<b>Turisme</b> .....	<b>7</b>
<b>3.0 KULTURLANDSKAP</b> .....	<b>8</b>
<b>Arealpolitikk</b> .....	<b>8</b>
<b>Lynghøier</b> .....	<b>8</b>
<b>Kunnskap om kystlandskapet</b> .....	<b>9</b>
<b>4.0 SAMARBEID I NÆRINGA</b> .....	<b>10</b>
<b>Samdrift</b> .....	<b>10</b>
<b>Møteplassar og nettverk</b> .....	<b>10</b>
<b>Bønder hjelper bønder</b> .....	<b>10</b>
<b>Andre tiltak:</b> .....	<b>11</b>
<b>Jordbruk</b> .....	<b>12</b>
Bruksstrukturen .....	12
Planteproduksjon i jordbruket .....	14
Husdyrhald.....	14
<b>Skogressursane</b> .....	<b>15</b>
Skogkultur .....	15
Treslag nytta i skogreisinga.....	16
Areal med attgroing.....	16
Avvirkning - avsetnad .....	17
<b>Kartlegging av jordbruksareal</b> .....	<b>17</b>
<b>Verkemiddel i landbruket</b> .....	<b>18</b>
Økonomiske verkemiddel .....	18
Juridiske verkemiddel .....	19
Administrative verkemiddel - rådgjeving .....	19
<b>Vidare framdrift av prosjekt</b> .....	<b>19</b>

## 1.0 Innleiing

Landbruket i regionen er under sterkt press. Dårleg inntening saman med bruksrasjonalisering og endra regelverk har dei seinare åra fått konsekvensar for småskalalandbruket. Når areala i tillegg er attraktivt byggjeland er konfliktane openbare. Mange stader kjem ny busetnad på dyrka mark og når innmark og utmark no fleire stader vert liggjande brakk, får skogen foryngje seg der det ikkje vert bygd ut.

Eit levande kulturlandskap betyr mykje for rekreasjon og trivsel for innbyggjarane. Det er difor i mange si interesse at det vert støtta opp om eit aktivt landbruk i regionen. På same måte er det i næringa si interesse at innbyggjarane opplever landbruket sitt kulturlandskap som variert, spanande og mangfaldig.

Arbeidet med felles strategisk landbruksplan for Fjell, Sund og Øygarden vart starta sommaren 2003. Mange har vore involvert i arbeidet. Arbeidsgruppa med representantar frå alle tre kommunane og faglaga har styrt framdrifta.

Gjennom planlegging etter plan- og bygningslova gjer kommunane bindande vedtak om arealbruken. Landbruket er ein arealkrevjande sektor som driv verksemda si i områder sett av til landbruk- natur- og friluftsmål. I område med utbyggingspress oppstår det ofte sterke ynskje om å ta i bruk slike areal til utbygging. Det er derfor viktig at dei ”grøne sektorane” deltek i planprosessane for å gjere interessene sine gjeldande. Landbruksplanen er eit slikt innspel.

Strategisk landbruksplan er utarbeida på grunnlag av tilgjengeleg informasjon og statistikk. Det er ikkje gjort nyregistreringar i samanheng med dette arbeidet.

Landbruksplanen inneheld litt om utviklinga fram til i dag, situasjonen no og mål med tiltak for framtida. Ein del av desse tiltaka vert utført i dag, men det kan være ynskeleg med ei utviding og forbetring av det eksisterande.

### ***KVIFOR LANDBRUKSPLAN?***

Sidan 1994, då Staten overførte ansvaret for landbrukskontora til kommunane, har det vore ei gradvis overføring av landbruksretta oppgåver frå staten. Frå 01.01.2004 gjer kommunane førstegangsvedtak etter nær sagt heile lovverket knytt til landbruk. Denne overføringa av mynde saman med overføring av dei økonomiske verkemidla gjer at kommunane no sit med større moglegheiter for sjølv å styre utviklinga av landbruket lokalt.

Landbruket i Noreg har gått og går framleis gjennom store strukturelle endringar. For perioden 1995 - 2002 har det skjedd store endringar med omsyn til tal bønder, storleik på bruka og flytting av produksjonar mellom distrikta. I dei tre kommunane våre har antal søknader om produksjonstilskot vorte halvert berre i perioden 2002 - 2004. Landbrukspolitikken dei seinare år har såleis ført til særleg store konsekvensar i småskalajordbruket.

Landbruksplanen er landbruksnæringa sin plan. I planprosessen har ein søkt å kome fram til konkrete tiltak og framtidige satsingar for å tryggje og utvikle landbruket lokalt. Landbruksplanen skal evaluerast minst ein gong i planperioden 2004 - 2008.

## **ORGANISERING:**

Arbeidet med planen har vorte leia av ei arbeidsgruppe med Terje Strandtun (Sotra sau og geitalslag), Svein Lillebø (Sotra og Øygarden bonde- og småbrukarlag), Terje Fauske (Sotra og Øygarden bondelag), Otto Harkestad (Øygarden sauallslag), Råmund Skjold (Øygarden kommune), Frode Glesnes (Sund kommune) og prosjektleiar Espen Elstad (Fjell kommune). Fylkesmannen si landbruksavdeling har hatt ein representant med i arbeidsgruppa og Gerhard Inge Storebø frå Sund kommune har vore prosjektansvarleg.

## **TILTAKSPLAN:**

Planarbeidet har hatt hovudfokus på framtidige tiltak i landbruket. Endringane i landbrukspolitikken dei seinare år, har gjort at fleire må tenkje alternativ drift. Tre hovudsatsingar er plukka ut som sentrale for landbruket vårt i tida framover og vil bli omtala spesielt i tiltaksplanen.

Næringsutvikling: Gardbrukarar i kystkommunane har alltid vore avhengige av inntekter ved sida av bruket. Tidlegare var kombinasjonen landbruk og fiske vanleg. I dag må landbruket sjå seg om etter inntekter frå andre næringar enn fiske. Landbruk Pluss er lansert av landbruksdepartementet og tek føre seg mange av dei omstillingane som nå er mogleg for næringa. Landbruket sitt bidrag til storsamfunnet er meir enn berre matproduksjon. Det omfattar og former for næringsverksemd og tenesteytande arbeid. Landbruket si multifunksjonelle rolle i samfunnet som matprodusent og kulturlandskapsformar må kunne utviklast vidare og gje næringa fleire bein å stå på.

Auka frihandel internasjonalt legg press på nasjonale landbruksprodukt. Internasjonalt aukar presset for meir frihandel, forbrukarane ønskjer kvalitet og lågare matprisar og behovet for ytterlegare effektivisering og nye inntektsmoglegheiter krev nye mål for mat- og landbrukspolitikken. Moglegheitene ligg mellom anna i avstanden til forbrukarane. Sotra og Øygarden ligg nær Bergen og ein stor kundemasse. Utvikling av lokal merkevare kan møte etterspurnaden av nisjeprodukt i ein stor og kjøpesterk befolkning lokalt og i Bergen.

Kulturlandskap: Landbruket formar og driv skjøtsel av landskapet. Bevisst bruk og skjøtsel er identitetsskapande, fremmar biologisk mangfald, gjer auka bukvalitet for innbyggjarane samstundes som det gjev oss mat på bordet. Eit landskap i bruk gjev store positive ringverknader. I framtida vert det viktig å sikre større samanhengande areal til landbruket for at landbruksdrifta skal halde fram.

Samarbeid: Vestlandslandbruket er først og fremst småskalalandbruk. Mange av bøndene driv garden ved sida av anna jobb. Større grad av samarbeid mellom bøndene gjev meir fritid, betre økonomi og gjer yrket meir sosialt, alt avhengig av korleis utfordringane lokalt vert løyst. Samarbeid er sett på som ein viktig faktor for å ha eit landbruk i drift og i framtida.



## **2.0 TILLEGGSNÆRINGAR:**

**Flest mogleg gardsbruk i regionen skal vere i drift. Tilleggsnæringar skal utviklast for å sikra gardane eit tilstrekkeleg inntektsnivå.**

### **2.1 "I kvar kommune skal det være ein eller fleire gardar som har "Inn på tunet" tilbod."**

#### **STRATEGIAR**

- ❖ Gjennom "Inn på tunet" vil kommunane og grunneigarane utvikle gode tilbod til grupper med særskilde behov
- ❖ I kommunane sine verksemdsplanar skal slike tiltak være prioritert innan psykiatri, rusomsorg, barnevern, arbeidstrening med meir.
- ❖ Kommunane skal arbeide for å få inn tiltak som "inn på tunet" i fylkeskommunen/staten sine verksemdsplanar, gjeldande for mellom anna fengselsdrift, langtidssjukemelde med meir.

#### **TILTAK**

- ❖ Grunneigarane må utarbeide attraktive og heilskaplege halv/heildagstilbod
- ❖ Gardbrukarane må arbeide for å få kontrakt med det offentlege for slike tilbod
- ❖ Gardsbruka må tilpassast ei slik verksemd til dømes med arbeidsrom, kjøken og garderoberetilhøve.

#### **ANSVAR:**

Grunneigarar, fagлага og kommunane

### **2.2 "I kvar kommune skal det være ein eller fleire gardar som har "Grønt samarbeid" tilbod."**

#### **STRATEGIAR**

- ❖ Gjennom "Grønt samarbeid" vil kommunane og grunneigarane utvikle gode tilbod til skular og barnehagar
- ❖ I verksemdsplanane for skule og barnehage må det setjast av ressursar til å bruke gardsbruk som læringsarena.

#### **TILTAK**

- ❖ Grunneigarane må utarbeide attraktive og heilskaplege halv/heildagstilbod til skular/barnehagar.
- ❖ Næringa må utnytte naturlege føresetnader for å kunne dekke behov i tilknytning til fast eller sporadisk besøk.

#### **ANSVAR:**

Grunneigarar, fagлага og kommunane

## **2.3 "I kvar kommune skal det være ein eller fleire gardar som har sal av lokale landbruksprodukt "Gardsmat"."**

### **STRATEGIAR**

- ❖ Lokal foredling og sal av landbruksprodukt vil styrkje næringa økonomisk og gjere den meir lokalt synleg.
- ❖ Utsal av gardsmat på plassar folk besøker og ferdast vil auke totalopplevinga til dei tilreisande og gjere regionen meir attraktiv
- ❖ Mattilsynet må tidleg inn i prosessen for å tilpassa verksemda til gjeldande lover og forskrifter
- ❖ Utvikling av lokal merkevare vil møte eit stadig aukande krav frå forbrukarane om opprinnelsesmerking.

### **TILTAK**

- ❖ Det må etablerast samarbeidsløysingar for slakting, røyking og evt. anna foredling.
- ❖ Gardbrukarane må foredle varer for sal til sluttbrukar og utvikle lokal merkevare
- ❖ Det vert etablert Gardsmatutsal som rettar seg mot helgetrafikk/turistar/kundar i Bergensområdet
- ❖ I samband med Nordsjøløypa må det etablerast tilbod med gardsmat

### **ANSVAR:**

Grunneigarar og fagлага

## **2.4 "I kvar kommune skal det være ein eller fleire gardar som har tilbod innan turisme."**

### **STRATEGIAR**

- ❖ Turisme kan styrkje driftsgrunnlaget på einiskilde bruk.
- ❖ Dei kommunale arealplanane må legge til rette for næringsutvikling på gardsbruka.
- ❖ Landbruk og turisme har mange stader vist seg å fungere godt i kombinasjon.

### **TILTAK**

- ❖ Gardsbruka har tilbod om overnatting, båtutleige, utleige av fiskeplass med meir.
- ❖ Gardbrukarane må ordna seg avtaler med grunneigarar som sikrar rett til utleige av jakt og fiskerettar.
- ❖ Gardbrukarane må vurdere og arbeide for fellesløysingar ved tilrettelegging for turisme.

### **ANSVAR:**

Grunneigarar, faglag og kommunane

### **FINANSIERING:**

- ❖ Innovasjon Norge - Etablerarstipend - Verdiskapingsprogrammet for mat
- ❖ FMLA - BU - midlar

## **3.0 KULTURLANDSKAP**

**Kulturlandskapet i Fjell, Sund og Øygarden skal vere produktivt og levande. Ved tildeling av kommunale kulturlandskapsmidlar skal tiltak i samsvar med landbruksplanen prioriterast.**

### **3.1 "Kommunane skal gjennom arealpolitikken sikre at viktige og heilskaplege landbruksområde vert teken vare på."**

#### **STRATEGIAR**

- ❖ Ein skal ved all arealdisponering ta særskild omsyn til viktige og samanhengande innmarksområder.
- ❖ Store og samanhengande utmarksområder som har verdi for beite, kultur og friluftssinteresser, skal sikrast gjennom ei langsiktig og forutsigbar arealdisponering.

#### **TILTAK**

- ❖ Kart over viktige landbruksområder på inn og utmark skal vere retningsgjevande temakart til kommuneplanen sin arealdel.
- ❖ I områder som vert registrert som viktige landbruksområde skal ein ha ei restriktiv haldning til frådelling og bygging.
- ❖ Det skal arbeidast med å oppretthalde "grøne lunger" i område med mykje utbygging.
- ❖ Kommunane skal vurdere spørsmål om gjerdeplikt i handsaming av enkeltsaker og plansaker.

#### **ANSVAR:**

Grunneigarar, faglagar og kommunane

### **3.2 "Det skal også i framtida vere store samanhengande lyngheier i regionen."**

#### **STRATEGIAR**

- ❖ Satse på tiltak i større samanhengande lyngheiområder
- ❖ Synleggjere andre interesser i lyngheiomåda; friluftsliv, kultur, fiske m.m

#### **TILTAK**

- ❖ Opprette fellesbeite der og folk som ikkje har tilgang til beiteareal kan få det
- ❖ Lage oversikt over tilgjengelege areal for beite
- ❖ Utarbeide plan for områder som skal brennast
- ❖ Det skal opprettast beitelag i dei ulike kommunane
- ❖ Det skal utarbeidast ein mal for skjøtsel av områder ved lyngbrenning og beiting

#### **ANSVAR:**

Grunneigarar, faglagar og kommunane

### 3.3 "Kunnskap om kystlandskapet vårt skal gå vidare til nye slekter"

#### STRATEGI:

Det skal satsast på tradisjonsbæring av kunnskap som er naudsynt for å halde kulturlandskapet i hevd.

#### TILTAK

Det skal arrangerast open dag/temadag innan følgjande fagfelt:

- ❖ Lyngbrenning
- ❖ Tørrmuring
- ❖ Oppbygging av grindaverk
- ❖ Husdyrhald/beite
- ❖ Landskapspleie

#### ANSVAR:

Faglaga og kommunane



**Bildetekst: Tørrmuring på Kallestad, steingard på Ekren og lyngbrenning på Tjeldstø**

#### FINANSIERING:

Tiltaka kan søkje om tilskot frå SMIL-midlane, regionalt miljøprogram, kommunane m.m..

## **4.0 SAMARBEID I NÆRINGA**

**Kommunane skal saman med faglaga leggja til rette for samarbeid mellom bøndene. Ved tildeling av tilskot frå offentlege midlar til landbruksretta tiltak skal dei søknadene som inkluderer samarbeid prioriterast.**

### **4.1 "Kommunane og faglaga skal leggje vekt på å auke kunnskapsnivået til bøndene på samarbeid og samdrift."**

#### **STRATEGIAR**

- ❖ Samarbeid og samdrift vil bidra til å styrke driftsgrunlaget på bruka
- ❖ Fokus på samarbeidsløysingar vil utvikle dei sosiale relasjonane i næringa

#### **TILTAK**

- ❖ Informasjon og løysingar for organisering skal utarbeidast for å auke kunnskapsnivået til den enkelte brukar om samdriftsformer

#### **ANSVAR:**

Faglaga og kommunane

### **4.2 "Ein skal etablere sosiale møteplassar for utveksling av erfaringar og bygging av nettverk."**

#### **STRATEGIAR**

- ❖ Sosiale møteplassar er viktig for å vidareutvikle idear
- ❖ Utveksling av erfaringar kan gjere at ein lærar av andre sin suksess eller feiltrinn

#### **TILTAK**

- ❖ Open gard
- ❖ Bondekaffi
- ❖ Det skal opprettast beitelag i dei ulike kommunane
- ❖ Felles organisasjonsmøter

#### **ANSVAR:**

Faglaga og kommunane

## 4.3 ”Bønder hjelper bønder”

### **STRATEGIAR:**

- ❖ Nytte kompetansen og ressursane som finst i landbruksnæringa
- ❖ Ha folk og maskiner i arbeid

### **TILTAK**

- ❖ Få oversikt over maskinparken.
- ❖ Utvikle eit system for bortleige av maskiner i eit maskinfellesskap på tvers av kommunegrensene
- ❖ Nytte seg av lokal kompetanse til utarbeiding av planar og praktisk arbeid

### **ANSVAR:**

Grunneigarane og faglaga

### **FINANSIERING:**

Fleire av dei sosiale tiltaka treng ikkje særlege investeringar. Dei næringsretta tiltak kan søkja tilskot frå Innovasjon Norge. Miljøtiltak kan søkja til Regionalt miljøprogram, SMIL- og NMSK-midlar og kommunane.

### ***ANDRE TILTAK:***

I planprosessen er det kome fram fleire gode tiltak for styrke landbruket i regionen. Under er det lista opp ein del av dei tiltaka som er kome fram:

- ❖ Sagbruk og vedproduksjon
- ❖ Bier og dyr som ein ikkje har drive med tradisjonelt
- ❖ Oppdrag innan brøyting og strøing
- ❖ Pelsdyr og vidareforedling av desse produkta
- ❖ Gardsutsal - ost/villsauprodukt med meir
- ❖ Villmarkssenter/opplevingssenter
- ❖ Pedagogisk tilbod
- ❖ Turisme - omvising og sal
- ❖ Pelletsproduksjon
- ❖ Juletre
  
- ❖ Felles avløyssarordning i regionen
- ❖ Villsau og økologisk drift - felles besetning på fellesbeite
- ❖ Samarbeid rundt KSL og HMS i landbruket
- ❖ Utvikle eit felles treningstilbod
- ❖ Oppmuntre til sal av nedlagde gardsbruk
- ❖ Fokus på utfordringar ved generasjonsskifte

## Dei tre kommunane

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden ligg vest for Bergen. Totalt består regionen av 312 km<sup>2</sup> fordelt på 1550 øyar. Talet på innbyggjarar i regionen er pr. mai 2004 nær 30 000. Frå nord i Øygarden til sørspissen i Sund er det om lag 50 km.

Næringslivet har vore prega av den sterke veksten i regionen. Frå å vere ein region med fiske og jordbruk som hovudnæring har området hatt ei sterk industriutvikling dei siste tiåra. Framleis forvaltar landbruket store areal i regionen og framtidig drift og skjøtsel av desse areala har stor innverknad på korleis kulturlandskapet vil framstå.

Vanleg struktur for landbrukseigedommane er forholdsvis små innmarksareal og noko større utmarksområder. Dette er gjennomgåande likt for alle dei tre kommunane. Framtidig bruk av utmarka ha særleg mykje å seie for kulturlandskapet i regionen.



**Figur 1: Kommunane våre ligg rett vest for Bergen.**

## JORDBRUK

Jordbruk er ei næring som har sterke røter i regionen. Frå gamal tid har landbrukseigedommane på øyane vest for Bergen vorte drivne som kombinasjonsbruk gjerne i tillegg til fiske. Jordbruket aleine har ikkje vore nok til å gje ei utvikling i privatøkonomien på linje med anna arbeid. Bonden har såleis alltid vore avhengig av inntekt ved sidan av bruket. Den "gamle fiskarbonden" er borte i dag, men endringane i samfunnet har og opna for nye inntektsmoglegheiter for dei med landbrukseigedom.

Dei fleste bruka driv med under 1,0 årsverk rekna i tal timar. I følgje tal frå statistisk sentralbyrå vert det arbeidd meir enn 1,0 årsverk på berre om lag 20-25 % av landbrukseigedomane. Majoriteten vert difor å rekne som deltidspønder, med anna fast lønna arbeid.


## Bruksstrukturen

Regionen har mange små landbrukseigedommar. Under jordbruksteljinga i 1999 var det registrert 929 bruk i dei 3 kommunane med over 5 daa jordbruksareal.

Kommune	Tal landbrukseigedommar med over 5 daa jordbruksareal
Fjell	364 bruk
Sund	313 bruk
Øygarden	252 bruk
Sum	929 bruk

**Tabell 1: Siste jordbrukstelling var i 1999. Det var da 929 eigedommar med over 5 daa jordbruksareal (kjelde SSB).**

Når vi ser alle tre kommunane samla er tal bruk i drift med statstøtte i perioden 1989 til 2003 redusert frå 302 til 89. Samla for Hordaland har den totale nedgangen i tal bruk i perioden 1999 til 2003 vore på 25 % . I kommunane Fjell, Sund og Øygarden har reduksjonen i same periode vore på 53 %. Konsekvensane av landbrukspolitikken dei siste åra har såleis vore ekstra store hjå oss.



**Figur 2: Utvikling i tal bruk med produsjonstilskot.**

I perioden 1989 til 2003 har areal i drift blitt redusert frå 12996 daa til 8439 daa i kommunane våre i følgje tal frå statens landbruksforvaltning. Dette er ein nedgang på 35 %. I resten av fylket har nedgangen vore på 10,9 %.

Samanliknar ein reduksjonen i antal bruk med utviklinga i jordbruksareal er det klart at det først og fremst er dei mindre bruka som har gått ut av ordninga med produksjonstilskot. Tala omfattar berre innmark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite). I tillegg kjem dei utmarksområda som vert nytta til beite. Det er ikkje gjort nærare utrekningar av utmarksbeite.

	1989	1999	2000	2001	2002	2003
<b>Fjell</b>	5856	5960	5635	5596	5139	4198
<b>Sund</b>	3752	2620	2302	2300	2244	1522
<b>Øygarden</b>	3388	3492	3484	3241	2713	2719
<b>Sum areal</b>	<b>12996</b>	<b>12072</b>	<b>11421</b>	<b>11137</b>	<b>10096</b>	<b>8439</b>

**Tabell 2: Utvikling av jordbruksareal i drift i peroden 1989 til 2003 (kjelde SSB og SLF).**

## *Planteproduksjon i jordbruket*

Planteproduksjonen er for det meste grovforproduksjon til silo og høy, i tillegg til beitemark. Dei fleste bruka vert drivne ekstensivt og har lite forbruk av kunstgjødsel og plantevernmidlar.

Store areal har gått ut av drift dei seinare åra. Dette gjeld særleg areal som tidlegare måtte slåast med tohjulsstraktor eller ligg langt frå eit gardar i drift. Andre areal har gått ut av bruk pga. problem med drenering og overvatn. Gamle kisteveiter tåler ikkje alltid vekta av store traktorar. Etter kvart har store delar av desse areala vorte omregulert til andre formål enn landbruk. Vekst og auka busetjing krev areal til så vel allmenyttige formål som bustader.

På tross av at det ligg ledige areal til slått og beite skjer det ein "import" av fôr til kommunane våre. Importen av fôr kjem i tillegg til at mange av sauene i regionen vert sendt på fjellbeite.



**Figur 3 : Øverst; slåttemark på Nordvik. Nederst; Jordbruksareal godkjent omdisponert på Nese.**

## *Husdyrhald*

Dei fleste bruka i regionen driv med sauehald. Tal dyr i regionen har fram til 2003 vore relativt stabilt ein stad mellom 4500 - 5000 sauer. Mange av desse dyra blir sendt på fjellbeite om sommaren. Godt organiserte beitelag over lang tid har gjort dette mogleg også for dei med få dyr. I 2003 merka ein at eit større tal bønder gav seg og det vart færre sauer. Framleis er det mange som har nokre dyr sjølv om dei er ute av dei statlege støtteordningane. I tillegg veit vi at det er mange som har utegangarar og ikkje er med i noko register. Utegangarane er godt tilpassa klimaet vårt og beitetilhøva i lyngheiene. Dei går ute heile året og finns no på mange av øyane i vest.

<b>Fjell</b>	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>
<b>Storfe</b>	116	107	100	119
<b>Gris</b>	357	328	134	228
<b>Sau</b>	2377	2357	2290	1834
<b>Fjørkre</b>	248	130	87	129
<b>Sund</b>	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>
<b>Storfe</b>	100	80	65	61
<b>Gris</b>	16	0	8	0
<b>Sau</b>	1302	1193	1159	1008
<b>Fjørkre</b>	1635	920	943	1010

<b>Øygarden</b>	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>
<b>Storfe</b>	158	129	123	108
<b>Gris</b>	97	27	66	106
<b>Sau</b>	1112	1204	1179	1088
<b>Fjørkre</b>	6662	6713	6417	6692

**Tabell 3: Utviklinga i dyrehald frå 2000 til 2003**

Tal bruk med mjølkekvote er redusert til 5 og har gått fort nedover. Produksjonen er liten total sett, men betyr mykje for dei som driv. Andre produksjonar i kommunane er egg, svin og pelsdyr. Det går fram av tabell 3 at også desse produksjonane har avgrensa omfang. Pelsdyr er ikkje med i statistikken, men det er i dag tre revefarmar i regionen.

<b>Kommune</b>	<b>Sau</b>	<b>Melkekyr</b>	<b>Ammekyr</b>	<b>Andre storfe</b>	<b>Hest</b>	<b>Avlsgris</b>	<b>Slaktegris</b>	<b>Konsumegg</b>
Fjell	97	2	4	9	4	2	1	4
Sund	46	1	2	6	2	0	0	4
Øygarden	48	2	2	7	1	2	1	3

**Tabell 3: Antal husdyrbruk i kommunane i 2003** (kjelde: distriktsveterinæren).

Tabell 3 viser antal bruk i med ulike husdyr i kommunane. Mange bruk driv med kombinasjon der sau som regel er eit av husdyra. Talet på sauebruk er og medrekna dei som berre har nokre villsau.

## **SKOGRESSURSANE**

All barskog i regionen er kulturskog, dvs skogen er planta. Det starta i 1870-åra med små tilløp til planting her og der, men den organiserte plantinga basert på skogreisningsplanar kom ikkje skikkeleg i gang før midt på 1950-talet. Det var fram til 1980 planta mest sitkagran, men sidan då har planting av dette treslaget vorte sterkt redusert. Dei siste åra har berre om lag 10% av plantane vore sitkagran og norsk gran, resten har vore furu. Tilskotsordningane i landbruket er no heilt lagt om. Mellom anna er det no slutt på statlege tilskot til skogplanting. Når kulturskogen er hogd ut vil dette arealet bli ikkje bli planta på ny, men ha ei naturleg dynamisk vegetasjonsutvikling - om det ikkje blir endringar i tilskottsordninga.

### **Skogkultur**

Det finst ikkje naturskog av gran eller furu i regionen. All produktiv skogmark vert rekna for å være skogreisningsmark. Difor er alle plantefelt ein kan sjå kulturskog. I dei seinare år har innvandringa av naturalisert kystfuru frå aust vorte meir og meir tydeleg i den austre delen av regionen. Kystfuru er langsamt på vandring vestover og vil på sikt blande seg med kulturskogen. Utviklinga vidare tilseier at barskogen vil fortrenge mykje av bjørkeskogen.

I kystkommunane er behovet for rydding av lauvkratt i kulturfelt lite. Berre på dei beste markslaga har dette vore naudsynt. Rydding har vore utført manuelt. Tilskotet til sprøyting vart fjerna i 1990. Behovet for vitalitetsgjødsling av sitkagran og norsk gran er stort. Dette må gjerast for å unngå stagnasjon i veksten den første tida. Desse treslaga får også tilført om lag

50 gram råfosfat ved planting. Etter kvart som ein har hausta erfaring er skogplantinga meir tilpassa dei einskilde områda.

### Treslag nytta i skogreisinga

Den første fasen av den organiserte skogreisinga var prega av overtydning om at sitkagran var overlegen alle andre treslag. Dette var i og for seg rett, men berre på høg og til dels på middels bonitet. Planting av sitkagran på delar av middels- og låg bonitet har gjeve dårleg resultat. Etter kvart som ein har fått erfaring er andre treslag vald i staden for sitkagran. Særleg kystfuru, contortafuru og bergfuru har gjeve gode resultat. Ein har og prøvd lerk, men tilslaget har ikkje alltid vore tilfredsstillande. Lauvtre har diverre fått hard medfart av hjortebeiting og elles er det vanskeleg å skaffe tilfredsstillande plantemateriale av lauvskog frå planteskulane.



**Figur 4: Planta sitkagran**

### Areal med attgroing

Det finst store utmarksareal som ligg brakk og difor vert klassifisert som skogsmark. Mykje av den produktive snaumarka i hogstklasse 1 er i attgroing der store areal etter kvart blir dominert av utvoksen, gammal og glissen røsslyng. Etter få år med attgroing vil plantesamfunnet endre karakter frå å være vekstkraftig lynghei dominert av tett og vital røsslyng skjøtta av husdyrbeite til gradvis å verte infiltrert av andre arter i ein dynamisk livsprosess. Det menneskeskapte naturbiletet dominert av lynghei hadde maksimal utbreiing i førre århundre og er i ferd med å bli endra i raskt tempo.



**Figur 5: Attgroing av lynghei**

Klimakstreslaget furu er fleire stader i sterk framgang frå aust og vil saman med bjørkeskogen i ein periode danne blandingsskog før furua etter kvart vil dominere. Denne endringa er naturlegvis mest tydeleg i den austre delen av kommunen. Sjølv med bestandspleie er det vanskeleg å produsere kvalitetsvirke av bjørk i regionen grunna klima og jordforhold. Det kan og være at den lokale bjørka har vore utsett for ein genetisk seleksjon. Dette har lite å seie for bjørka sin nytteverdi til vedproduksjon.

## **Avvirkning - avsetnad**

På grunn av den unge alderen til skogen har det til no vore lite hogst. Det vil enno gå mange år før ein kan rekne med at skogen når hogstklasse 5 og ein kan drive foryngelseshogst. Det er fleire sagbruk i regionen som til no har kjøpt opp sagtømmeret som er hogd. For å tilfredsstille lokal etterspurnad, må desse kjøpe opp tømmer utanfor kommunen. Sagbruka nyttar berre ein liten del av kapasiteten.

Palletømmer og massevirke har vorte seld utanfor kommunen. Dette skuldast primært store mengder på ein gong grunna nødvendig uttak etter storm. I framtida kan ein satse vidare på både å foredle og få avsetnad på tømmeret lokalt. Ved og biomasseprodukt kan bli et satsingsområde i framtida.

## **SATSINGSOMRÅDE I NÆR FRAMTID**

Landbrukspolitikken har ført til ein sterk auke i nedlagde bruk. Her ligg det eit stort potensiale i juletre/pyntegrøntproduksjon. Noko av dette arealet er teke i bruk til dette formålet, men behovet i marknaden tilseier at langt meir kan setjast i produksjon. I følgje dansk statistikk vart det i 2002 importert 700 000 tre frå Danmark. Utviklinga i Danmark går mot lågare produksjon og prisauke. I 2005 vil det bli for lite tre i alle storleiksklassar. Dette vil vare i fleire år framover. Her bør norske produsentar nytte høvet til å erobre ein større del av marknaden. Dei tre kommunane våre bør nytte ulike verkemidlar til å stimulere til juletre/pyntegrøntproduksjon.

Diverre er det ikkje høve til å nytte statlege midlar til skog/juletreplanting. Det er opp til kvar kommune og gje eit eventuelt kommunalt tilskot. Produksjonen kan gje både rask og høg avkastning på investert kapital. Omløpstida for norsk gran er 8 til 10 år.

Ungskog til ordinær skogproduksjon er vanskeleg å trenge gjennom. Det bør satsast på kunstig kvisting av ståande skog. Dette vil gje passasje, verdiauke og utløyse statleg tilskott, men hjorten kan vere ein lei skadegjerar som lett kan øydelegge plantefelt så her må ein vurdere kva som er fornuftig.

## ***KARTLEGGING AV JORDBRUKSAREAL***

Formålet med kartlegging av jordareal i strategisk landbruksplan er å kartleggje dei areala som kan gje grunnlag for ein landbruksproduksjon og/eller har kulturlandskap av stor verdi. Kartlegginga vil bli brukt som eit kriterium for tildeling av tilskot til miljøtiltak i jordbruket.

Utgangspunktet er at alt areal det ikkje er bygd på har eit potensiale for landbruksproduksjon. Det er likevel teke omsyn til overordna plansituasjon, utviklinga i jordbruket og om det er aktive bruk i området. For areal som i overordna plan er avsett til anna formål enn LNF (landbruk, natur og friluftsliv), er det etter forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, ikkje høve til å gje tilskot.

Det er ulikt kommunane imellom korleis landbruksareal er kartfesta. Tradisjonelt er det områda i kommuneplanen avsett til LNF områder som har vist areal med jordbruksinteresser.

I Fjell kommune er områda registrert og delt inn etter betydning for landbruksproduksjon og etter områda sitt kulturlandskap. Store samanhengande områder med grunnlag for tradisjonell landbruksdrift er farga grønt og kalla landbruksområder. Mindre enkelteigedomar eller jordbruksareal med lokal verdi for kulturlandskapet er merka av i kartet.

## ***VERKEMEDEL I LANDBRUKET***

Landbruket spelar ein viktig rolle i arbeidet med å forvalte og ta vare på dei biologiske ressursane og det varierte landskapsbiletet med dei kulturlandskapsverdiane vi finn der. Skjøtsel av kulturlandskapet krev innsats frå grunneigarane, men også frå lokalsamfunn og forvaltning. Verkemidlane som finst for landbruket i Noreg kan delast opp i juridiske, økonomiske og administrative. Målet med verkemidlane er at dei skal medverke til å tilpasse landbruksproduksjonen mest mogleg til den gjeldande landbrukspolitikken, og sikre dei verdiane som landbruket representerer.

### ***Økonomiske verkemedel***

**SMIL - Midlane:** Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som ein kan forvente gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriteras ut frå lokale målsetjingar og strategiar.

**NMSK -Midlane:** Formålet med tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut fra lokale prioriteringar og tilpasningar blir stimulert til økt verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdier knytta til biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivareteke og utvikla vidare.

**Distrikts- og bygdeutviklingsmidlar:** Innovasjon Norge har som formål å fremje lønsam næringsutvikling i distrikta og i resten av landet ved å stimulere til innovasjon og kompetanseutvikling. Innsats for vidareutvikling av landbrukssektoren er ei prioritert oppgåve. Effektiv utnytting av råvarer, betre lønnsmda, høgare foredlingsgrad, marknadstilpassing, eit breiare næringsfundament og auka tal nyetableringar er mellom dei utfordringane Innovasjon Norge ynskjer å ta tak i for å oppnå målet.

Kvinner er ei målgruppe for bygdeutviklingsmidlane. Saman med personar under 35 år vert desse prioritert ved søknad om BU-midlar. Til saman gav søkerane i 1999 ei auke i sysselsettinga på vel 900 årsverk der 470 eller 51 % var for kvinner.

**Regionalt miljøprogram:** Det regionale miljøprogrammet er eit tilskotsystem som skal fange opp utfordringane knytt til attgroing av landskapet og landbruksproduksjon. Ordningane er ei årleg driftstøtte til dei som gjer ein miljøinnsats.

**Organisert beitebruk:** Formålet med ordninga er å leggje tilhøva til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark og redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområde.

Det er eit vilkår for å få tilskot til organisert beitebruk at husdyreigarane er organisert i beitelag.

## ***Juridiske verkemedel***

I handsaminga av St.meld. nr. 19 (2001-2002) *Nye oppgåver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, vedtok Stortinget at ein rekke oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Overføringa gjeld saker som krev lokalpolitisk skjønn, mellom anna vedtaksmynde for dei spesielle miljøverkemidla under Landbruket sitt utviklingsfond (LUF). Målet er å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samtidig medverke til betre målretting og effektivisering av statleg verkemedelbruk.

## ***Administrative verkemedel - rådgjeving***

Ein som driv landbruk forvaltar naturressursane. Yrket er mangfaldig og krev kunnskap innanfor mange sektorar. Bonden må skaffe seg kunnskap frå forskjellige fagmiljø og det kan vere ei utfordring å følgje med i utviklinga.

Nokre bruk er spesialisert slik at bonden sjølv er ekspert innan sitt felt. Det er likevel viktig å ha fagmiljø kor ein kan diskutere ulike problemstillingar.

Rådgjevinga kan delast i to kategoriar:

- rådgiving knytt til lover, forskrifter og tilskotsordningar
- produksjonsfagleg rådgiving

Den offentlege vegleiingstenesta i kommunane har mellom anna ansvaret for at informasjon om lover og tilskotsregler når fram til bonden. Den offentlege vegleiingstenesta gav tidlegare og produksjonsfagleg rådgiving. Dette vert ikkje gjort i samme omfang lengre. I dag er det hovudsakleg forsøksringane, fagorganisasjonane og private firma som tek seg av dette.

## ***VIDARE FRAMDRIFT AV PROSJEKT***

Planarbeidet har peika ut 3 områder ein ser som særleg viktige å arbeida vidare med. Desse tre hovudsatsingane på; næringsutvikling, kulturlandskap og samarbeid vil generere vidare arbeid og planlegging. Samstundes er det forventat at fleire andre prosjekt som har kome fram i planprosessen vil bli etablert. Lokale beitelag må få organisert seg, det må gjerast ei kartlegging av tilgjengelege areal for slått og beite, skjøtselsplanar for lynchheiene m.m..

Både grunneigarar, faglag og kommunane må etter at planen er vedtatt, arbeide i lag for å sikre landbruket

Tilbakemeldingane i arbeidet med planen har reist nokre sentrale utfordringar som må liggja til grunn for kva vi gjer vidare:

- Informasjon må nå ut til brukarane. Stadige endringar i tilskotssystem og satsingsområder gjer det naudsynt med god informasjon frå forvaltninga og ut til faglag og brukarar.
- Det er mange misforståelser rundt arealkategoriar, planstatus og kva LNF- (landbruk-, natur- og friluftsområde) egentleg innebær. Kommunane må saman med næringa syta for at det er ein forståing av desse omgrepa.
- Landbruksnæringa er oppteken av formar for samarbeid. Mange deltidsbønder kan ikkje til ei kvar tid vere heilt fagleg oppdatert. Formar for samarbeid må utviklast både i næringa og på forvaltningsnivået.

- Landbruksnæringa i regionen må i større grad nytte seg av dei fordelene ein har ved at ein ligg nære ein så stor marknad som Bergen.
- Kommunane må i større grad sjå det potensialet landbruket har til å skape gode bumiljø, arena for undervisning/helse/omsorg m.m..

Målet er at prosjekta som vert skipa med bakgrunn i landbruksplanen skal vere med å sikre bøndene ein sosial og sikker arbeidsplass og i prosessen vidare gjere innbyggjarane meir oppmerksame på dei kulturlandskapskvalitetane bøndene leverer.

### **Kjelder:**

- Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksplan for Hordaland 2004 - 2007
- Statistisk sentralbyrå - jordbruksteljingane m.m.
- Statens landbruksforvaltning - statistikk m.m.
- Notat 2004 - 4 - Særtrekk ved vestlandsjordbruket, Torbjørn Haukås og Siv Karin Paulsen Rye
- Veileder landbruksplan, Landbruksdepartementet, 1998.